



Røysterett og gjestekoret Atskana på Friheim under besøket i mai 2009

**Ein litt utradisjonell oppstart i haust: Fyrste øving torsdag 18.08. kl 18.30 i kyrkja i Rosendal. Grunnen til at me gjer det slik, er at vår gamle kjenning, koret Atskana frå Latvia kjem på vitjing til Vestlandet, og det skal verta konsert i kyrkja 25.08.**

Detaljane er ikkje kjende enno, men både Atskana og Røysterett skal i elden.

Ein lyt ha tru på at røystene let seg mjuka opp att med ei øving, og ei veke psykisk førebuing på seg. Atskana er truleg betre budde, då dei nok har lagt eit anna sesongopplegg enn vårt tradisjonelle, med oppstart i høve til skulestart.

Me treng nye røyster, og me kan lova dei ein varm velkomst.

Det vert kan henda beinhardt å møta direkte på øving i Kvinnherskyrkja, men me er i vanleg gjenge att i Helgheim 01.09. kl. 19.00.



Dei to kora under fellesnummer i Aktivitetshuset i 2009

Tekst: Svein Rimestad  
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen  
Nett: Thor Inge Døssland